

LIV OG RØR

Informasjonsblad for Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Museumslaget
Nr. 1 -juni 2013

1913-2013 Odda kommune 100 år



Det første kommunestyret:

1. rekke fra venstre: Ola H. Jordal, Torstein Opheim, Ivar Eitrheim, ordfører Johannes Apold, varaordfører Olav O. Aga, Ola O. Hagen, Lars O. Låte, Daniel E. Eitrheim.,,

2. rekke: Helge Åse, Henrik Sandvin, Petter Jersin, Ola H. Espeland, Asbjørn Skare, Hans Brekke, Anders Øiestad.

3. rekke: Theodor Simonsen, Kristoffer Eitrheim, Kristen Stana, Knut J. Tokheim, Edvard Hovde.

Fotograf Ragna Solberg, Odda. Arkiv NVIM



Odda i hundre!

Ta sommargjestene med på museet i sommar og opplev industrihistoria gjenom film, utstillingar og aktivitetar.

I år feirar Odda kommune sitt hundreårsjubileum og vi ynskjer oss alle til lykke med jubileet og markeringa «Odda i hundre».

I 1913 vart Odda eigen kommune og skilt ut frå Ullensvang herad som då vart delt i tre - Kinsarvik vart også eigen kommune. Etter at den storslætte trebygningen Hotel Hardanger brann ned i 1895 var det klart at Odda trøng ein reguleringsplan med vassforsyning og brannvern, men ikkje før i 1907 vart den første reguleringsplanen godkjend.

Då industrien kom til kommunen i 1906 og folketallet etterkvart auka, fremja heradsstyremedlemer frå Odda ynskjet om å få inn fleire medlemmer då Odda etter kvart hadde fleire innbyggjarar enn Ullensvang og Kinsarvik til saman. Dette var heradstyret ikkje viljuge til. Men protestane frå Odda og behovet for ein større og dyrare barneskule førde til at heradsstyret til slutt stemde for oppløysning av heradet.

Ullensvang herad hadde sitt siste heradsstyremøte 30. juni 1913. Den 1. juli 1913 kom det nye Odda heradsstyre saman til sitt første møte og Odda vart eigen kommune.

På museet feirar vi saman med Odda kommune ved å halda ope vitensenteret under folkefesten og ha familiedag i Od-dasmio. I Folgefondsgata vert det opna ei idrettsutstilling som alle kan gle seg til. Stor innsats er lagt ned frå friviljuge og

initiativtakarane for å samla informasjon, foto og gjenstandar frå idrettslivet i Odda kommune.

NVIM satsar på historieformidling til barn og unge og har saman med skulane i Odda laga undervisningsopplegg. På vitensenteret skal aktivitetane vekkja interesse for realfag og for vår fantastiske industri- og vasskrafthistorie som bygde samfunnet Odda og var starten på det norske industrieventyret.

Vitensenteret har blitt utbygd med ein spanande vitenpark, den første i landet. Dette er vi stolt av og at barn og unge har fått sin egen plass på smelteverket.

Eg vil også gjerne nemna den flotte utstillinga, «Kraftfull kultur» som NVE (Norges Vassdrags- og Energidirektorat) har laga i samarbeid med museet og som er open for publikum i turbinhallen i kraftstasjonen i Tyssedal.

Den 13. september feirer vi Oddakvinner i 100!

TIL LYKKE MED JUBILEET!

Tyssedal, den 30. mai 2013

Randi Bårtvedt



Ny flaggstang i Folgefondgata



I rett tid til 1. mai var endeleg den nye flaggstanga på plass i hagen i Folgefondgata 9

Stor takk til Museumslaget som løvvde dei naudsynte midlene!

Magne Aasen og Johnny Einarsson frå NVIM si bygg og anleggsavdeling gjorde arbeidet slik at museet kunne heisa flagget 11 meter til topps 1. mai 2013.

Lansering av Digitalt museum


Fotosamlingane ut på internett

Alt frå 3. juni kan du på [digitalmuseum.no](#) og finna foto frå NVIM sine kulturhistoriske samlingar. Vi er i startfasen, og førebels legg vi ut biletar frå AS Tyssefaldene si rikhaldige fotosamling, og ein del smelteverksfoto. Det vert heile tida lagt ut meir, så denne sida er ikkje statisk. Du kan til dømes søke på motiv, personar eller stader, og kan nytta biletar privat. Ved kvart foto du søker opp er det eit kommentarfelt du kan skriva i om du har fleire opplysingar.

NVIM takkar Museumslaget og AS Tyssefaldene for økonomisk støtte til lanseringa.

Den offisielle opninga finn stad den 19. juni i statkraftstova

Samstundes er vi i gang med å leggja ut delar av samlingane på [flickr.com](#). Her vil vi leggja vekt på Odda si historie gjennom 100 år. Følg med på facebooksida til NVIM for informasjon om når dette vert tilgjengelig. www.facebook.com/vasskraftmuseet



ty-0208 – Ringedalsdammen i 1909 – provisorisk overlop

W. 2008. Mudring før (26.6.09) reg. tunnel. Ringedalsvand.

ODDAKVINNER I 100



Fredag den 13. september kl 12:00 skal NVIM og Odda Bibliotek / Odda kommune ha eit felles jubileums-arrangement i Sentralbadet litteraturhus i Odda.

Historikar og forskar Hilde Danielsen kjem med bok om norsk likestillings-historie i år, og held foredraget "Ja vi elsker likestilling". NVIM vil lansera ei lita utstilling om kvinner som engasjerte seg på ulike samfunnsfelt i den unge kommunen; politisk, litterært, humanitært, i undervisning, organisasjonsliv og næringsliv. Les meir om dette på dei nasjonale sidene: www.stemmerettsjubileet.no



NVIM i sommar

Årets sommarsesong er starta! Museet no er ope alle dagar 10:00-17:00 fram til 9 september.

I sesongen har vi attraksjonane:

Biletspelet "Industrieventyret" og guida tur i Tysso I kraftstasjon. I tillegg har vi desse aktivitetane :

Ta med ungar (og gummistøvlar) og bygg ditt eige kraftverk i bekken Tysso III. Her kan små og store prøve seg som ingeniør og røyrkonstruktør.

Odda Vitensenter er ope kvar tysdag-laurdag frå kl.11-16 i skuleferien. Her kan du eksperimentera, bygga, leika og sjå show!

Arbeiderbustadane i Folgefondgata i Odda sentrum er opne for omvisingar og filmen 'Borna på Bakke'. (Kontakt Vitensenteret).

Lilletopp - omvisingar i dei tørrlagde vasstunnellane kan bestillast av grupper.



Arbeiderbustadane (Foto NVIM)



Born eksperimenterer

Foto Harald Hognerud

Kraftfull Kultur - NVE si vandreutstilling i Tysso I

30. mai opna den nye vandreutstillinga "Kraftfull kultur" i Tysso I kraftstasjon i Tyssedal

NVIM inviterte i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) Utstillinga blei opna av administrasjonsdirektør Gunn Odland frå NVE.

Utstillinga presenterer 8 kraftverk som eit utval av 27 kraftverk frå rapporten "kulturminner i norsk kraftproduksjon".

Udstillinga kan i sommar sjåast på Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum i Tyssedal og Norsk Skogmuseum på Elverum. Utstillinga er produsert innan NVEs Museumsordning av NVIM, NVE og Norsk Skogmuseum.




Ordfører John Opdal opna utstillinga

Godbitar frå industrihistorien:

MØTE PÅ BRUA

Store-Johan Green traff ein dag på sjølvaste Sigurd Kloumann, ein av dei verkeleg store ingeniørane i pionertida. Dei to møttest ute på den tronge bruva over juvet der Tysso rann vill under dei. Store-Johan hadde ei svær bør på ryggen. Midt ute på bruva vifta Kloumann Store-Johan tilbake – ein skulle vika for dei høge herrar på den tida, sjølv om Kloumann var liten av vokster. Store-Johan hadde ei hand fri. Han greip fast i bringa på Kloumann, lyfta han opp og held han utover rekkverket. Der held han den vettskremde ingeniøren over 40

meter fritt fall og sa: "Vær glad jag er barnkjær". Så snudde han seg og satte Kloumann på bruva att. Begge kunne dei gå vidare den vegen dei skulle.



Gurine Gripp på hengebruva i 1913 (Arkiv: NVIM)

Museumsbutikk og kafé

Kvifor ikkje væra turist i ditt eige nærmiljø? Nyt ein god kopp kaffi og nysteikte vafler i butikken på kaien i Tyssedal!

I den gamle landhandelen til Norheim finn du lokalhistoriske bøker og bilete, kunsthandverk og suvenirar.

Is og brus har vi óg.

Har du sett biletspellet 'Industrieventyret'? Eller 'Fjordens Liv' - filmen om korleis det ser ut under vatnet i Hardangerfjorden? Har du sett turbinane i kraftstasjonen eller det

berømpta 'Brettet'? Dersom ikkje, eller om du gjerne vil sjå det ein gong til, er du hjarteleg velkommen til Naustbakken 3 på kaien i Tyssedal!

Opningstider: Kvar dag frå mai til september

Kl. 10 - 17



Hardangerfjordcruise med veteranbåter

Sørfjorden

**Kvar dag i perioden 10. til og med 30. juli
Frå Lofthus kl. 10 15 tilbake til Lofthus kl. 16 00**

Toktet starter i Lofthus kl. 10 15 når Vøringen kjem frå Norheimsund. Første strekket går over fjorden til Aga. Her kan du vitja Agatunet, eit freda klyngetunet med røter helt tilbake til 1200 talet. Etter ein times stopp går ferda vidare til Tyssedal og Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum. Det fortel eventyret om vatnet som om-skapte eit fattig bondesamfunn til ein moderne industristad, med nye samfunnsstrukturar og velstand i heimane til folk. Ein og ein halv time gjev også rom for ein lunsj på det ærverdige, flotte hotellet. Båten kjem att frå Odda kl. 14 30. Klokka 16 00 er båten tilbake på Lofthus og Vøringen går til Norheimsund kl. 16 15.

Billettar for ein rundtur kostar kr 390.- born under 12 år kr 195.-
Billettar får du kjøpt på Turistinformasjonen i Lofthus, telefon 53 66 31 12.

Sørfjorden ruta

10:15 frå Lofthus
10:30 ank Aga
11:30 avg Aga
13:00 stopp Tyssedal
13:30 ank Odda
14:00 avg Odda
14:30 stopp Tyssedal
16:00 ankomst Lofthus



Aktivitetsplan NVIM sommar 2013

Juni			
7.-8.	11-16	Ope vitensenter	Familiearrangement i forbindelse med folkefesten
8.	Kl. 15	Idrettsutstillinga åpner i Folgefondgata	
8.		Smeddag	Gratis familiearrangement
9.		Barnas Turlag til Lilletopp	
19.		Lansering av Digitalt Museum	NVIM sine fotosamlingar ut på nett
Heile sommarferien			
Skuleferien		Tysso III - Vatn, vasskraft og elektrisitet	Familieaktivitet i Tyssedal
Kvar dag 10-17		Museumsbutikk med sal av bøker og kunsthåndverk	
Ty-lau kl. 14		"Borna på Bakka", omvising i arbeidarbustadane	Folgefondgata med påmelding på vitensenteret
Tysdag - laurdag kl. 11-15		Leik og lær med kjemi og teknikk	Odda Vitensenter



Verv medlemmer til Museumslaget!

Verv medlemmer og få en NVIM kopp!

Du får gratis inngang for deg, og den nærmeste familie (ved familiemedlemskap) i museet si ordinære åpningstid. Du kan delta på Museumslagets årlige turer og arrangement.

Bladet Liv og Rør kommer i posten med informasjon fra NVIM og Museumslaget. Du er med på å støtte stiftelsen Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum.

Kontingentsatser:

Enkeltmedlemmer:	kr 100
Familier:	kr 150
Foreninger og lag:	kr 250
Bedrifter, skoler, etc.:	kr 1 000

Kontakt: Halvor Johan Bådsvik

Epost: oikhjb@online.no

Tlf.: 917 95 114

Bli med i Museumslaget for NVIM og arbeid for et godt museum for Odda og Tyssedal, for vannkrafta og prosessindustrien og deres bidrag til byggingen av det moderne Norge!!

Skal du arrangere kurs, seminar eller konferanse?

Vi har moderne og inspirerande møtelokale i Statkraftstova.

Alle møterom har dagslys, og er luftige og komfortable.

Konferanseverten vår er tilgjengeleg under hele opphaldet.

Vi skreddarsyr opplevingar i historiske omgjevnadar:
kulturinnslag, omvisingar, turar, lagbygging, konsertar, etc.

Kontakt oss for tilbod.

post@nvim.no - 53 65 00 62



Les meir på:

**www.nvim.no, [www.facebook/
vasskraftmuseet.com](https://www.facebook.com/vasskraftmuseet) og www.vasskrafta.no**